



Referat frå møte i Rådmannsforum

Dato: Torsdag 26.04.2018

Tid: 08.30 – 13.00

Møtestad: Oppvekst aust, Odda rådhus

Rådmenn: Geir Underhaug (Eidfjord), Trude Letnes (Granvin), Anita Hesthamar (Kvam), Magnus Steigedal (Ullensvang), Thore Hopperstad (Ulvik), Ole-Jørgen Jondahl (Odda), Ragnvald Joakimsen(Jondal)

Administrasjon: Trude Rinaldo, Hardangerrådet

Forfall: Reidar Isdal (Jondal),

Møteinnkallinga er gjort i Outlook.

Agenda:

08.30 -10.00 Tizir bedriftsbesøk

10.00 -12.15 Rådmannsforum sakshandsaming

12.15 -13.00 Felles lunsj med Hardangerrådet

Sakliste Rådmannsforum:

RF-sak 06/18 Meldingar

Ingen meldingar

RF-sak 07/18 Omorganisering av NAV avd. Voss/Hardanger

Vidare oppfølging av framdrift

Frå Drøfting i møtet.

Minstekontorgaranti er forsvunne for NAV kontora, det opnar for omorganisering.

Dersom kommunane går saman om ein vertskommunestruktur og tek grep sjølve, er det mindre sjans for at NAV tek all regi.

Løysinga kan vera på mange nivå, og unik for Hardanger, treng ikkje kopiera andre.

NAV Vestland arbeider no med ny struktur, så dette må gjerast no. F.eks kan områdeleiar driva eit slikt prosjekt, men må då få eit mandat frå Hardanger.

Kva seier fellesnemnda i Ullensvang kommune om dette? Viktig for å gå vidare.

Kva med dei kommunale NAV tenestene. Kor viktig er den strukturen me har i dag for kommunane? Kor viktig er desentraliserte NAV tenester, og kva må og bør vera lokalt? Kor kjem skilje mellom NAV stat og NAV kommune, og kva nye oppgåver kjem det med reforma?

Vedtak:

Det vert danna ei arbeidsgruppe for å arbeida fram forslag.

Dette er arbeidsgruppa: Trude Letnes, rådmann i Granvin, Ole- Jørgen Jondahl, rådmann i Odda, NAV leiar i Kvam Terje Langeland og prosjektleiar Bjørn Søvik

Rådmannsforum er styringsgruppe.

Leiar i Rådmannsforum tek dette vidare.

RF-sak 08/18 Oppfølging av andre saker frå rådmannsforum 18.01.2018.
Drøfta sal av aksjar i bompengeselskapa. Denne saka vert handsama politisk.

RF-sak 09/18 Felles NAV-kontor for Hardanger?

Drøfta under sak RF-sak 07/18

RF-sak 10/18 Skjønsmidler 2018 frå Fylkesmannen i Hordaland.

Gjennomgang av løyvingar.

Frå drøftinga:

Skulle me tenkja meir felles om søknader i Hardanger? Kunne me hatt nokre felles søknadar?

Kunne utvikling av NAV i Hardanger vore ein felles søknad?

RF-sak 11/18 Orienterings- og drøftingssaker.

Saker innmeldte ved starten av møtet.

Ymse:

1. **Pilot på legevakt.** Trur dette er eit godt prosjekt. Vil vera bra for akutt medisinske tenester i Hardanger og Voss samarbeidet.

Korleis stiller RF seg? Dette må politisk behandlast innan juni.

Hastverk, fordi desse midlane er det kamp om. Det er mykje midlar og dei skal gå til oppbygging og nytt utstyr for legevakttenesta i Hardanger og Voss.

Er dette drøfta i fellesnemnda for Ullensvang kommune? Nei, men dei skal.

Kan Ullensvang laga ein intensjonsavtale her?

2. **Eigedomsskatt på verk og bruk innan siderproduksjon.**

Det er mange saker i Hardanger, og dei er alle ulike.

Det hadde vore bra å ha ei felles forståing for og handtering av dei i Hardanger.

3. **Ikkje fellesmøte med Hardangerrådet**

Rådmannsforum vil oppheva avtale om å ha møte same dag som Hardangerrådet, det er ikkje teneleg. Allereie frå neste møte har ein kvar sine møtedatoar.

4. **Rådmannsforum som viktig møtestad.**

Leiar oppmodar alle til å bidra med felles saker, slik at det vert eit godt fora. Rådet må sjølve gjera seg interessant nok, slik at alle prioritetar å møtast.

Rådmann i Granvin, som no har sete lengst i RF seier det har vore og er ein viktig møtestad og fora for hennar arbeid.

Neste møte i Rådmannsforum er: Torsdag 7. juni 2018 i Jondal kl 0900.

Referent

Trude L. Rinaldo

Konsulent Hardangerrådet